

REGLAR FOR UMLEIGE AV BØ KYRKJENE

Reglane er vedtekne i Bø sokneråd den 24. april 2001 F.R. sak 28/2001. og
Godkjende i Agder Bispedømmeråd

1. GENERELT

All utleige/utlån av kyrkjene er i tråd med «Regelverk for bruk av kyrkjer», vedtekne av Kyrkjemøtet i 1991 med heimel i kongeleg resolusjon av 25. oktober 1991.

1.1. Om utleige

1.1.1 Utlån/leige av kyrkjene i Bø sokn til arrangement som ikkje er ein del av kyrkjelyden sitt arbeid, kan berre skje etter godkjenning av Bø sokneråd. Søknad om leige må innehalde beskrivelse av arrangementet, inkludert tekstar, og plan for oppsetting av teknisk utstyr.

1.1.2. Utleige kan berre skje når kyrkjetenar eller den som er i staden for kyrkjetenar er til stades under arrangementet.

1.1.3. Når soknerådet har godkjent at kyrkja kan leigast ut, syter kyrkjevevja eller den han gjev ansvaret til, for at kontrakt underteiknast, rekning vert send, etc.

1.1.4 Eventuelle avslag på leige kan påklagast til biskopen.

1.2. Leigetakars plikter

1.2.1. Leigetakar må rette seg etter dei anvisingar som vert gjevne av soknerådet og kyrkjevevja når ein inngår kontrakt om utleige. Dette gjeld pynting, oppsett av teknisk utstyr og andre forhold som kan ha med bevaring av kyrkja sitt rom å gjere. Under arrangementet må ein rette seg etter dei anvisingar som kyrkjetenar eller den som er i staden for kyrkjetenar gjev.

1.2.2. Leigetakar må rette seg etter gjeldande reglar for brannvern.

2. UMLEIGE TIL VIGSLER:

2.1. Vigslar i kyrkjene kan berre føregå etter skriftleg samtykke av soknepresten.

2.2. Vigslar der ein eller begge bur i eller har vore busett (folkeregisterført) i kommunen og er medlem av Den norske kyrkja, er ein del av kyrkjelyden sitt arbeid og det vert ikkje kravd nokon form for avgift. Dette inkluderer tenester frå kyrkjetenar og organist tilsett i Bø kyrkjelyd og prest tilsett i soknet.

2.3. Vigslar der korkje brud eller brudgom bur i kommunen eller har vore busett (folkeregisterført) i kommunen, eller der ingen av dei er medlem av Den norske kyrkja, medfører avgift etter fylgjande satsar:

Grunnleige	kr. 1100,-
Som også inkluderer oppvarming, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar	
Tillegg ved bruk av organist	kr. 900,-
Tillegg for prest: viser til reglane for honorar for einskildtenester.	

Leigesummen utanom til prest (som betalast direkte) innkrevjast av kyrkjevevje.

3. UTLEIGE TIL KONSERTAR MM

- 3.1. Ved utleige av kyrkjene til konserter m.m. der arrangementet ikkje kjem inn under kyrkjelyden sine planar, skal det betalast leige etter fylgjande satsar:

Grunnleige for bruk inntil 5 timar	kr. 1500,-
Tillegg pr. time utover 5 timar	kr. 300,-

Det dekkjer straum , reinhald og tenester utført av kyrkjetenar
Der arrangøren har inntekter av billettsal eller kollekt betalast i tillegg 10% av den inntekt som er over kr. 1500,-

Soknerådet kan i særskilde tilfelle bestemme andre satsar.

Ved utleige av kyrkjene til oppbyggelege møte, som ikkje er ein del av kyrkjelyden sine planar (verksemd), betalast kr. 1100,- for oppvarming, reinhald og kyrkjetenar.

4. AVGIFT VED GRAVFERD

- 4.1. Personar busette i Bø kommune

- 4.1. 1. For personar som var busett (folkeregisterført) i Bø kommune då dei døde og som var medlem av Den norske kyrkja, krevjast inga avgift for gravferd eller for opning/lukking av grav.

- 4.2. Personar busette i Bø kommune, men ikkje medlem av Den norske kyrkja.

- 4.2.1. For personar som var busette (folkeregisterført) i Bø kommune då dei døde og som ikkje var medlem av Den norske kyrkja, krevjast inga avgift for opning/lukking av grav.

- 4.2.2. For personar som var busette (folkeregisterført) i Bø kommune- då dei døde og som ikkje var medlem av Den norske kyrkja, og der gravferda går frå kyrkja eller kapellet krevast fylgjande avgift:

For teneste utført av kyrkjetenar og bruk av kyrkja	kr. 1100,-
Tillegg ved bruk av organist	kr. 800,-
Tillegg for prest: viser til reglane for honorar for einskildtenester.	

- 4.3. Personar ikkje busett i kommunen
For personar som ikkje var busette (folkeregisterført) i Bø kommune då dei døde, innkrevjast fylgjande avgifter:

4.3.1. For opning og lukking av kistegrav	kr. 1500,-
4.3.2. For opning og lukking av urnegrav	kr. 500,-
4.3.3. For bruk av kyrkje eller kapell:	
Grunnleige på	kr. 1100,-
Det inkluderer oppvarming, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar.	
Tillegg ved bruk av organist	kr. 800,-
Tillegg for prest: viser til reglane for honorar for einskildtenester.	

Leigesummen utanom til prest (som betalast direkte) innkrevjast av kyrkjeverje.

5. UNNTAK

Reglane i punkt 2.3, 3.1, 4.2.2. og 4.3. kan i særskilte tilfelle fråvikast.

Reglane trer i kraft frå og med 1. mai 2001

Reglane har ikkje tilbakeverkande kraft for verken utleigeforhold eller gravferder.